

Rammeplan for

Førskolelærerutdanninga

Fastsett 3. april 2003 av
Utdannings- og forskingsdepartementet

INNHALD

Kapittel 1 LÆRARUTDANNING	3
1.1 Formål og eigenart	5
1.2 Å vere lærar	6
1.3 Å bli lærar	7
1.4 Samfunn, barnehage/skole, lærarutdanning	8
1.5 Frå rammeplan til fagplan	10
Kapittel 2 FØRSKOLELÆRARUTDANNING	11
2.1 Formål og eigenart	13
2.2 Oppbygging og organisering	14
2.3 Praksisopplæring	15
2.4 Prinsipp for arbeids- og vurderingsformer	16
2.5 Frå rammeplan til fagplan	17
Kapittel 3 PLANAR FOR FAG OG FAGOMRÅDE	19
3.1 Pedagogikk	21
3.2 Drama	24
3.3 Forming	26
3.4 Fysisk fostring	28
3.5 Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL)	29
3.6 Matematikk	31
3.7 Musikk	33
3.8 Naturfag med miljølære	34
3.9 Norsk	36
3.10 Samfunnsfag	38
3.11 Drama og rytmikk for døve	39
3.12 Norsk for døve	41
3.13 Norsk teiknspråk	43
3.14 Duodji	45
3.15 Samisk	47
FORSKRIFT TIL RAMMEPLAN FOR FØRSKOLELÆRERUTDANNING	49

Kapittel 1

LÆRARUTDANNING

1.1 Formål og eigenart

Lærerutdanningane skal samla dekkje det behovet samfunnet har for kvalifiserte lærarar i alle fag og på alle fagområde innanfor barnehage, skole og vaksenopplæring. Etter avslutta utdanning skal lærarane kunne arbeide for å realisere dei måla som er sette for den einskilde verksemda og for opplæringssystemet som heilskap. I *lov om universiteter og høøgskoler § 54a* er formålet med lærerutdanning uttrykt slik:

«Lærerutdanning skal gjennom undervisning, forskning og faglig utviklingsarbeid gi den faglige og pedagogiske kunnskap og praktiske opplæring som er nødvendig for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning, læring og oppdragelse. Utdanningen skal ta utgangspunkt i ulike forutsetninger hos elever og barnehagebarn og være i samsvar med målene for det opplæringsnivå utdanningen sikter mot.

Utdanningen skal fremme studentenes personlige utvikling og yrkesetiske holdning, utvikle evne til refleksjon, vekke interesse for faglig og pedagogisk utviklingsarbeid som er relevant for arbeid i skole og barnehage, og gi forståelse for sammenhengen mellom læreryrket og opplæringssystemets funksjon i samfunnet.»

Lærerutdanninga er mangfaldig. Dei ulike lærerutdanningane siktar mot læraroppgåver i bestemte fag eller i bestemte delar av opplæringa. Samtidig har lærarane ein overlappende kompetanse, slik at skoleeigaren kan setje saman eit lærarteam ut frå behova på den einskilde skolen. Gjennom profilering av studiet eller vidare utdanning kan lærarar også utvide tilsetjingskompetansen sin.

Førskolelærerutdanning (treårig) kvalifiserer for pedagogisk arbeid i barnehagen og første klassesteg i grunnskolen. Med eitt års relevant vidareutdanning kan førskolelærarar tilsetjast for arbeid på første til fjerde klassesteg.

Allmennlærerutdanning (fireårig) kvalifiserer for arbeid i grunnskolen og i vaksenopplæring i grunnskolefag.

Faglærerutdanning (treårig og fireårig) kvalifiserer for arbeid i fag i grunnskolen, i vidaregåande opplæring, i vaksenopplæring og for anna kulturelt arbeid med barn og unge.

Yrkesfaglærerutdanning (treårig) kvalifiserer for arbeid i vidaregåande opplæring, i vaksenopplæring og i fag frå femte klassesteg i grunnskolen.

Praktisk-pedagogisk utdanning (eittårig) byggjer på studium i fag eller på ei yrkesutdanning med praksis og yrketeori og kvalifiserer for arbeid frå femte klassesteg i grunnskolen, i vidaregåande opplæring og i vaksenopplæring.

Integrert mastergrad (femårig) kvalifiserer for arbeid i nokre fag frå femte klassesteg i grunnskolen, i vidaregåande opplæring og i vaksenopplæring.

Samisk lærerutdanning

Målet for dei samiske lærerutdanningane er å sikre samiske område kvalifisert personale i barnehage og skole. Utdanningane er i hovudtrekk organiserte som anna lærerutdanning. Det skal vere mogleg å ta lærerutdanning med særleg vekt på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk språk og kultur. Samisk lærerutdanning er lagd til rette også for studentar frå Sverige og Finland. *Samisk allmennlærerutdanning* kvalifiserer for arbeid i norsk og samisk

grunnskole. *Samisk førskolelærerutdanning* kvalifiserer for arbeid med barn i samiske og norske barnehagar og i første klasse i grunnskolen.

Lærerutdanning for døve

Målet med lærerutdanningane for døve er å sikre kvalifisert opplæring for døve barn og unge i barnehage og skole, og dei omfattar mellom anna faga norsk teiknspråk og norsk for døve. I utdanningane er nokre av faga og opplegga justerte slik at dei passar for døve studentar, og slik at dei gir didaktisk kunnskap om opplæring for døve. *Allmennlærerutdanning for døve* kvalifiserer særleg for tilsetjing som lærar for døve og høyrselshemma barn og unge.

Førskolelærerutdanning for døve kvalifiserer særleg for arbeid med døve og høyrselshemma barn i barnehagen og det første året i grunnskolen.

1.2 Å vere lærar

Ingen einskildfaktor er meir avgjerande for kvaliteten i barnehagen og skolen enn læraren. Den kvalifiserte læraren skal ha ein allsidig kompetanse.

Utviklinga i samfunnet byggjer på at ny kunnskap blir utvikla, og at kjend kunnskap blir omforma. Læraren treng metodar til å hente inn og oppdatere sin eigen kunnskap heile livet. Lærarstudiet skal gi innsikt i slike metodar og trening i å bruke dei. Ein solid *fagleg kompetanse*, bygd mellom anna på vitskapsfag, kunstfag og yrkesfag, er grunnlaget for den pedagogiske verksemda. Samtidig må ein sjå studiefaga i samanheng med kunnskapsbehovet i skolefaga, yrkesfaga eller fagområda i barnehagen. Også oppgåvene som kulturformidlar, rettleiar, førebilete og inspirator tilseier at læraren treng solid fagleg kompetanse.

Kjernen i den *didaktiske kompetansen* er å kunne leggje til rette for at elevane skal lære å lære, slik at dei kan utvikle si personlege danning og yte sitt bidrag til fellesskapen på ein meningsfylt måte. Det dreiar seg òg om å kunne analysere føresetnader og behov hos barn og unge, velje og grunngi læringsinnhald, arbeidsmåtar, bruk av læremiddel og vurderingsformer og å kunne utforme individuelle opplæringsplanar. Skal barn halde ved like og vidareutvikle lærelyst og tru på eiga meistring, må læraren ha evne til å inkludere barna, foreldra / dei føresette og kollegaene aktivt i det pedagogiske arbeidet. Det er viktig å ha kunnskap om ulike læringsstrategiar, særleg innanfor lese- og skriveopplæring. Didaktisk kompetanse er òg å kunne planleggje opplæringa innanfor rammene som er sette i lover og forskrifter og i planverket for barnehage og skole.

Læreryrket krev *sosial kompetanse*, det vil seie evne til samhandling og kommunikasjon. Læraren skal kunne leggje til rette for gode læringsmiljø gjennom samvær med barn og unge, kunne vise omsorg for den einskilde og vere tydeleg som leiar. For å kome alle barn og unge i møte, gi dei gode opplevingar og stimulere lærelysta, er det viktig at læraren samarbeider med foreldre/føresette, kollegaer og andre som har ansvar for oppvekstmiljøet til barna. Skal elevane etablere nye læringsstrategiar, må dei møte ei lærargruppe som samarbeider om nyskaping i eit teamsamarbeid. Eit slikt pedagogisk team kan berre lukkast der den einskilde har toleranse og evne til innleving, men også kunnskap om leiing og handtering av konflikhtar.

Lærarar treng *endrings- og utviklingskompetanse* når dei skal fornye den pedagogiske verksemda. Då må dei vere opne for endring og nytenking når det gjeld kunnskapsinnhald og læringsformer i faga og i det pedagogiske synet på opplæring. Dei må samtidig vite korleis dei kan ta vare på det som er verdfullt. Lærarane må, individuelt og i teamsamarbeid, kunne analysere og vurdere aktivitetsplanar, fagplanar, arbeidsmåtar og organisering av opplæringa. Dei må kunne sjå utvikling, læring og danning hos barn og unge i samanheng med endringar i samfunnet. Det inneber kreativitet og læringsstrategiar som fremjar entreprenørskap, det vil

seie evne til å ta initiativ til å starte nye aktivitetar eller verksemdar. Læreryrket føreset dagleg planlegging og oppdatering av kunnskapane.

I all si verksemd treng læraren *yrkesetisk kompetanse*. Det inneber å kunne sjå samanhengen mellom allmenn moral og etikk og dei særlege krava yrket stiller. Samværet med barn og vaksne kan omfatte både informasjonsplikt og teieplikt. Ofte møter læraren barn i konflikt og krise, og det kan føre til etiske dilemma. Lærarrolla gir makt, og læraren må forvalte denne makta i samsvar med lovverk, allment godkjende grunnverdiar og den retten barn har til likeverdig behandling. Yrket krev skjønsemd og etisk grunngeving for val av lærestoff og arbeidsmåtar. Etisk kompetanse gir eit grunnlag for den yrkesmessige danninga til læraren og er nødvendig dersom rolla skal forvaltast frimodig, ansvarleg og audmjukt.

Dei fem kompetanseområda som er nemnde ovanfor, er alle *aspekt ved den mangfaldige yrkeskunnskapen læraren må ha*. Dei er kjernen i profesjonskunnskapen til læraren. Desse aspekta blir utfordra i varierende grad i ulike situasjonar. Evna til å handle under skiftande vilkår gir lærarkompetansen eit samla og personleg uttrykk. Læraren skal kunne reflektere over eigen kompetanse, kunne vurdere kvaliteten på opplæringa og kunne stille kompetansen til rådvelde for ein lærande og handlande kollegial fellesskap.

1.3 Å bli lærar

Lærerutdanning er *krevjande*, fordi studentane skal utvikle mange typar kompetanse og lære på fleire arenaer. Lærarstudentane skal i studiet tileigne seg kunnskapar, dugleikar og haldningar som kan leggje grunnlag for personleg vekst og danning og fungere som reiskapar i yrkesutøvinga. Studiet må derfor leggjast opp slik at det fremjar samheng i opplæringa og hjelper studentane til å utvikle ein heilskapleg kompetanse. I ei yrkesutdanning skjer læringsarbeidet på tre arenaer:

Praksisfeltet som læringsarena

Den praktiske opplæringa i barnehage, skole og bedrift skal vere styrande for ei yrkesretta lærerutdanning. Institusjonane skal tilby lærarstudentane varierte praksiserfaringar, som kan gi ei innføring i yrket. Denne praktiske delen av utdanninga må vere allsidig, med stigande krav til sjølvstende og ansvar. Studentane skal lære å planleggje, gjennomføre og vurdere opplæring. I møte med barnet eller eleven skal studentane erfare kor avgjerande eit godt sosialt samspel er for vekst og utvikling. Praksisfeltet må også brukast i fagstudiet, ved at ein arbeider med teoretiske problemstillingar i ein praktisk situasjon. Når studentane tenkjer igjennom erfaringar frå praksisfeltet, kan dei utvikle analytisk dugleik og evne til å variere arbeidsformer og tilnæringsmåtar. At dei reflekterer over einskildsituasjonar som dei møter i praksisopplæringa, gjer at dei utviklar eit realistisk syn på læreryrket.

Fagstudiet som læringsarena

Lærarstudentane skal i studiet tileigne seg kunnskapar, dugleikar og haldningar som kan leggje grunnlag for personleg vekst og danning og fungere som reiskapar i utøvinga av yrket. Det kan skje på fleire måtar:

For det første skal studentane skaffe seg grundig innsikt i faga, både som basis for lærerarbeidet og som del av sin eigen danningsspross. Danning inneber her at studentane utviklar personleg modning og sjølvforståing, men også at dei tileignar seg vitskapeleg tenkjemåte og bruker kunnskapar frå ulike fagtradisjonar på ein kreativ, konstruktiv og kritisk måte.

For det andre må fagkunnskapen relaterast til arbeid med faga i ulike opplærings situasjonar. Det skjer i det fagdidaktiske studiearbeidet i kvart fag og på tvers av fag. Studentane må skaffe seg erfaring med temabasert, tverrfagleg og fleirfagleg læringsarbeid, slik at dei kan stimulere elevane til varierte læringsstrategiar. Dei skal kunne leggje til rette for gode læringsmiljø i barnegrupper, i klasserom og verkstader og i uteaktivitetar. Dei må få oppleve kva som skal til for å skape eit stimulerande læringsmiljø, tilpassa barn i ulike aldersgrupper og med ulike føresetnader.

For det tredje må studentane bli kjende med vilkår og rammer for opplæringa. Det krev at dei blir kjende med læretrøng og skaparglede hos barn og unge. Studentane må kjenne til og kunne ta i bruk ulike pedagogiske perspektiv og læringsstrategiar. Dei må lære korleis dei kan leggje opp eit aktivt og positivt samarbeid med heimen og med lokalsamfunnet. Dei skal tileigne seg innsikt i skole- og barnehagehistorie, i oppgåver og verkemåte i utdanningssystemet og i viktige prinsipp for organisering og leiing.

Samhandling, utforskning og refleksjon som læringsarena

Dei institusjonane som har ansvar for lærarutdanning, må samarbeide med praksisinstitusjonane om å utvikle ein heilskapleg lærarkompetanse. Studentane skal kunne analysere teoriar, erfaringar og innsikter på tvers av fag og læringsarenaer. Dei må få drøfte praksiserfaringar og aktuelle problemstillingar frå fagstudiet med representantar for teorifaga og for praksisfeltet. Studiet skal på denne måten oppmuntre til studentaktive læringsformer og framstå som ein *pedagogisk læringsverkstad*. Slik kan studiet leggje grunnen for aktiv deltaking i fagleg teamsamarbeid i barnehage og skole.

Forsknings- og utviklingsarbeid eignar seg særleg godt til å identifisere og vurdere ulike tilnæringsmåtar og til å forstå korleis praktisk-pedagogiske utfordringar kan handterast. Når forskarar i lærarutdanninga arbeider med faglege prosjekt i praksisfeltet, vil dei bruke problemstillingar og utvikle kunnskapar som er gyldige for barnehagen, skolen og yrkeslivet, men også for lærarutdanninga. Praksisnær forskning og forskning på skolen og barnehagen i dag kan gjere utdanninga relevant og stimulerande, og studentdeltaking i slike prosjekt kan stimulere evna og viljen til fornying.

Læring og utvikling skjer gjennom heile utdanninga, men det er først når studentane analyserer erfaringar på tvers av fag og læringsarenaer, at kompetanseområda blir sedde i høve til kvarandre og kan danne ein heilskap. Slik kan den einskilte studenten leggje eit grunnlag for yrkeskunnskap og for handlekraft som lærar.

1.4 Samfunn, barnehage/skole, lærarutdanning

Skal lærarutdanninga vere *relevant*, må ho førebu studentane på dei krava og forventningane samfunnet stiller til barnehagen og skolen. Samfunnet endrar seg, og dermed blir også vilkåra for opplæring endra. Det blir stilt krav til at barnehagen og skolen tek opp i seg og arbeider med tendensar og straumdrag i samfunnet. Utfordringane for lærarutdanninga i vår tid er knytte til mellom anna desse utviklingstrekk:

Noreg står i stigande grad fram som ein del av eit *globalt samfunn*. Det gir glede og nytte gjennom eit større mangfald av kunnskapar, livssyn, livsstil, språk og kunstnarlege uttrykk. Barn frå språklege minoritetar utgjer eit aukande innslag i opplæringsystemet, samtidig som behova og interessene til urfolk og nasjonale minoritetar har fått større merksemd. Læraren må ha kunnskap om situasjonen for to- og fleirspråklege elevar, om møtet mellom kulturear meir allment, og han eller ho må sjølv kunne samarbeide med foreldre/føresette frå ulike kulturear. Studentane må bli kjende med urfolks historie, kultur og institusjonar. I vårt land

gjeld dette særleg nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk språk, kultur og samfunn. Lærarutdanninga bør på si side rekruttere og inkludere stadig fleire minoritetsspråklege studentar og ta vare på kompetansen som desse studentane kan tilføre barnehagen og skolen.

Mange unge reiser mykje. Fleire tek delar av utdanninga i eit anna land. Det inneber at det blir stilt stadig større krav til framandspråkleg dugleik og til kunnskap om andre land og kulturar. Institusjonane som gir lærarutdanning, skal sjå til at *det internasjonale perspektivet* blir integrert i alle fag og studieeiningar. Dei må vere opne for impulsar frå lærarutdanningar i andre land, gi fleire studietilbod på engelsk og leggje til rette for studentutveksling. Samtidig må studentane bli kjende med sin eigen kultur gjennom samanliknande analysar, mellom anna av opplæringsystemet. Dei må òg kjenne til dei internasjonale menneskerettane og rettane til barn, som gjeld på tvers av landegrensene.

Medieindustrien og den verdsomspennande *informasjons- og kommunikasjonsteknologien* pregar samfunnet i stigande grad og fører til nye former for læring. Barn og unge er ofte dei første til å ta ny teknologi i bruk. Det er ei utfordring for lærarar som ikkje sjølv er fortrulege med den nye teknologien. Lærarstudentane skal kunne bruke teknologien til læring og kommunikasjon, men dei skal òg kunne reflektere kritisk omkring bruken.

Kunstnarlege ytringsformer er ein viktig del av kvardagen. Framveksten av musikk- og kulturskolar har gjort sitt til at langt fleire barn og unge har fått utfalde seg innanfor ulike kunststartar. I tillegg gir det frivillige foreinings- og kulturlivet eit verdfullt bidrag til oppvekstmiljøet. I barnehagen, skolen og skolefritidsordninga skal skapande verksemd, opplevingar og kreative uttrykksformer vere ein vesentleg del. Eit nært samarbeid med musikk- og kulturskolar og anna kulturliv i nærmiljøet vil vere verdfullt for barnehagen og skolen.

Forbrukarsamfunnet slår stadig kraftigare inn i kvardagen til barn og unge. Det utgjer ein sterk verdipåverknad. Barnehagen og skolen må kunne møte denne påverknaden med alternative kunnskapar og verdiar. På dette området må lærarar samarbeide nært med foreldre/føresette. Lærarutdanninga skal på si side førebu studentane på denne oppgåva. Gjennom kritisk drøfting av forbrukarsamfunnet skal studentane lære korleis dei kan presentere elevane for alternative perspektiv, haldningar og verdiar.

Eit samfunn der sterkare *konkurranse* også pregar barnehage og skole, kan stimulere til ekstra innsats og gode læringssirklar, men kan òg gi grobott for mismot og vegring mot å lære. Det er ei utfordring for lærarar å hjelpe dei som ikkje er aktivt med. Læringsmiljøet må leggast til rette slik at det inkluderer barn og unge med ulike føresetnader, også dei som treng spesialundervisning. Alle skal få oppleve at det nyttar å arbeide, og at dei kan lukkast. Tilpassa opplæring skal vere ein del av alle fag i lærarutdanninga.

Dei fleste barn og unge opplever ein trygg oppvekst, men somme barn har eit utrygt tilvære, prega av *omsorgssvikt*. Det kan prege læringsfellesskapen og undergrave motivasjonen. Slike problem kan læraren hjelpe barna med å gjennomarbeide, saman med andre som har ansvar for oppvekstmiljøet til barn. Lærarutdanninga må førebu studentane på desse utfordringane og også gi dei opplæring i å løyse konflikhtar og å førebyggje og kjempe mot mobbing, vald og rasisme. Utdanninga må hjelpe studentane til å takle situasjonar der barn og unge opplever dødsfall, krig, seksuelle overgrep eller andre kriser som krev særskild omsorg og tiltak frå læraren.

Opplæringa i barnehage og skole har som føresetnad at barna skal vakse opp i eit langt meir *likestilt samfunn* enn det tidlegare generasjonar gjorde. Det er eit mål for opplæringa at begge kjønn skal kunne utfalde seg på eigne premissar. Kunnskap om forskjellane mellom gutar og jenter er viktig i lærarutdanninga. Trykket frå ein global kultur- og medieindustri, som ofte er stereotyp i uttrykk og innhald, påverkar barn og unge. Lærarstudentane må ha

innsikt i korleis dette pregar kjønns sosialiseringa, og dei må kunne trekkje konsekvensar av denne påverknaden i den pedagogiske planlegginga og det metodiske opplegget.

Endringane i nærings- og arbeidslivet stiller store krav til fleksibilitet og endringsvilje, til personleg initiativ og skaparkraft og til å kunne setje visjonar og planar ut i handling. Både barnehagen og skolen må opne seg mot lokalt arbeids- og næringsliv. Barn og unge må få kunnskap om ulike yrkesgrupper. Praktisk entreprenørskap er eit læringsmål som skolen legg stadig meir vekt på. Det skal vere med på å utvikle personlege eigenskapar som kreativitet og evne til initiativ og gi kunnskapar som er nyttige for seinare arbeidsliv. Kunnskapar om å starte eiga verksemd bør inkluderast i ei slik opplæring for dei eldste elevane.

Dei tilsette i lærarutdanninga har derfor eit ansvar for å utvikle kompetansen sin om nærings- og arbeidslivet. Dei må òg utvikle læringsstrategiar som stimulerer til pedagogisk bruk av entreprenørskap hos dei som skal bli lærarar.

Det er eit djupt forankra prinsipp i norsk barnehage og skole at barn har rett på *likeverdig opplæring*, uavhengig av bakgrunn, evner og kjønn. Det er ein verdi som er særleg relevant i eit fleirkulturelt samfunn. Dette prinsippet må få eit særskilt uttrykk i lærarutdanninga ved at ein legg vekt på rettferd, likeverd og tilpassa opplæring.

1.5 Frå rammeplan til fagplan

Lov om universiteter og høgskoler § 46-2 slår fast at departementet kan fastsetje nasjonale rammeplanar for einskilte utdanningar. Lov og rammeplanar utgjer eit forpliktande grunnlag for institusjonane som gir lærarutdanning, for dei tilsette, studentane og representantane for praksisopplæringa. Med utgangspunkt i rammeplanane utviklar institusjonane fagplanar for obligatoriske og valfrie studieeiningar. Planane skal tolke og presisere mål og fastsetje innhald, studielitteratur, arbeidsmåtar og vurderingsordningar for kvart fag. Dei skal òg vise heilskapen i studiet.

Kapittel 2

FØRSKOLELÆRARUTDANNING

2.1 Formål og eigenart

Førskolelærerutdanninga skal kvalifisere for pedagogisk arbeid med barn i barnehagen og det første året i grunnskolen. Studiet skal byggje på forskingsbasert kunnskap og samtidig vere yrkesretta og praksisnært, slik at det tek utgangspunkt i arbeidsområda til førskolelæraren og det gjeldande lovverket og planverket for verksemda. Utdanninga skal vere med på å gi studenten grunnlag for å kunne ta aktivt del i debatten om og utviklinga av gode barnehagar for alle barn, både i dag og i framtida.

I barnehagen møtest barn i ulike aldrar og med ulike behov, interesser, føresetnader og kulturell bakgrunn. Det krev at utdanninga legg vekt på god innsikt i korleis barn utviklar seg, i livsvilkåra deira og i verdien av lek i livet og læringa til barn. Den norske barnehagen byggjer på ein tradisjon med dialog, undring og utforskning som grunnlag for det pedagogiske arbeidet. For å ta vare på dei varierte uttrykksformene til det einskilde barnet og dei ulike relasjonane i barnegruppa, er det viktig å kunne observere, samtale og aktivt ta del i aktivitetane til barna. Læringa skjer i spontane her og no-situasjonar, der førskolelæraren skal vere observant og var i høve til dei mangesidige uttrykka til små barn og kunne samspele med barna slik at det skjer ei god utvikling. Utvikling av basiskompetanse hos barn inneber styrking av sosial kompetanse og kommunikasjonsevne i vid forstand.

Førskolelærerutdanninga legg derfor stor vekt på teoretisk og praktisk kunnskap, for at studentane skal kunne observere og ta del i aktivitetar saman med barna, noko som er ein føresetnad for å kunne utvikle det faglege innhaldet og arbeidsformene i barnehagen.

Samtidig skal planlegginga og tilrettelegginga vere i samsvar med rammeplanen for barnehagen. Læringa hos barn skjer òg i meir organiserte og strukturerte situasjonar, som er prega av kulturformidling og læring av fagstoff. Arbeidsmåtene i barnehagen og det første året i grunnskolen byggjer på ei temabasert, fleirfagleg og tverrfagleg kunnskapsforståing, der lek og spontan aktivitet har stor plass. Faga i førskolelærerutdanninga skal i tillegg til fagleg kunnskap gi innsikt i ei heilskapleg læringsforståing, der omsorg, lek og læring er naturlege element.

Barnehagen har ei sentral rolle i oppveksten til barn og for familiane deira. Å leggje vekt på eit tett samarbeid mellom heim og barnehage har lange tradisjonar. Dette samarbeidet er ein styrke for verksemda, samtidig som det her også ligg utfordringar for førskolelæraren. Yrket er krevjande i eit samfunn som er i stadig endring, med aukande merksemd på brukarperspektivet og på møtet mellom menneske med ulike kulturell bakgrunn. Barnehagen er også ein viktig arena når det gjeld førebyggjande barnevern, tilpassa opplæring og spesialpedagogisk hjelp. Ein førskolelærer er fagleg leiar av ei personalgruppe og har rettleiaransvar for denne gruppa. Kvalifisering for personaleiing og samarbeid er derfor ein sentral del av førskolelærerutdanninga.

Gjennom utdanninga skal studentane utvikle

- *fagleg kompetanse*: kunnskap om barn, barndom og pedagogisk arbeid med små barn og kunnskap om teoriar og arbeidsformer innanfor og på tvers av fag
- *didaktisk kompetanse*: evne til å vurdere, planleggje og gjennomføre tilpassa opplæring for barn med og utan særskilde behov, og evne til å setje i verk førebyggjande tiltak
- *sosial kompetanse*: forståing av kva eit omsorgs- og læringsmiljø prega av samspel har å seie for varme, kreativitet, glede og humor og oppleving av meistring for alle – og dei må også ha evne til nært samarbeid mellom barnehage, heim og andre samarbeidspartnarar og kunnskap om og dugleik i leiing, samarbeid og pedagogisk rettleiing

- *endrings- og utviklingskompetanse*: evne til å vurdere organisasjonsutvikling og samfunnsendringar som har mykje å seie for barnehagen, til å initiere og takle endringar og til å kunne prege utviklinga i barnehagen
- *yrkesetisk kompetanse*: evne til å reflektere over verdigrunnlaget for barnehagen og skolen, over eigne verdiar, haldningar og veremåte og over etiske utfordringar i yrket

2.2 Oppbygging og organisering

Førskolelærerutdanning er ei treårig utdanning på 180 studiepoeng. Utdanninga omfattar ein obligatorisk del på 150 studiepoeng og ein valfri del på 30 studiepoeng.

Den obligatoriske delen av utdanninga:

pedagogikk	45 studiepoeng
fagleg-pedagogiske studium som inneheld	105 studiepoeng
drama	10–15 studiepoeng
forming	10–15 studiepoeng
fysisk fostring	10–15 studiepoeng
KRL	10–15 studiepoeng
matematikk	10–15 studiepoeng
musikk	10–15 studiepoeng
naturfag med miljølære	10–15 studiepoeng
norsk	15 studiepoeng
samfunnsfag	10–15 studiepoeng

Praksisopplæring med eit omfang tilsvarande 20 arbeidsveker er integrert i studieeiningane.

Den valfrie delen av studiet:

fordjupingseining	30 studiepoeng
-------------------	----------------

I den valfrie delen kan studentane velje ei fordjuping i fag, fagområde eller arbeidsformer med relevans for arbeidet i barnehagen. Den einskilde institusjonen utarbeider planar for studiet. Spesialpedagogikk, pedagogisk rettleiing og studieeiningar retta mot pedagogisk arbeid for småskolesteget kan ikkje inngå i den treårige grunnutdanninga.

Institusjonen kan sjølv slå saman innhaldet i faga til tverrfaglege studieeiningar eller organisere heile eller delar av utdanninga etter tema eller fagområde.

Linjedelt førskolelærerutdanning

Den einskilde institusjonen kan i tillegg tilby førskolelærerutdanning organisert som linjer med særskilt profil. Slike modellar er eit supplement til hovudmodellen ved den einskilde institusjonen. Omfanget av fordjuping kan aukast ved omfordeling og samanslåing eller bortval av einskilde fag i dei fagleg-pedagogiske studia. All førskolelærerutdanning skal ha pedagogikk, norsk, matematikk, kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og minst eitt praktisk eller estetisk fag med eit omfang som minst tilsvarer hovudmodellen.

Samisk førskolelærerutdanning

Samisk førskolelærerutdanning rekrutterer studentar som har samisk som første- eller andrespråk, og har som mål å utdanne førskolelærarar spesielt for det samiske samfunnet. Dei samiske barna og heimane deira er utgangspunktet for den oppgåva førskolelæraren skal gjere. Det krev kompetanse som er med på å ta vare på og vidareutvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv. I samisk førskolelærerutdanning er samiske språk obligatorisk og skal utgjere 30 studiepoeng. I staden for forming har den samiske førskolelærerutdanninga duodji som fag, med eit omfang på 15 studiepoeng. Einskilde fag i utdanninga kan erstattast med eller tilpassast fag som har spesiell relevans for samiske barn i barnehagen og skolen. Faga musikk og drama legg vekt på samisk musikk og joik og på samisk forteljetradisjon.

Førskolelærerutdanning for døve

Førskolelærerutdanninga for døve er særleg lagd til rette for døve og tunghørde studentar som har norsk teiknspråk som sitt førstespråk. Utdanninga kvalifiserer spesielt for pedagogisk arbeid med døve og tunghørde barn i barnehagen og det første året i grunnskolen. Dei to faga norsk teiknspråk, med 30 studiepoeng, og norsk for døve, med 15 studiepoeng, er obligatoriske. Norsk teiknspråk erstattar fordjupingseininga i den ordinære førskolelærerutdanninga, og norsk for døve erstattar det vanlege norskfaget. Einskilde andre fag i utdanninga kan erstattast med fag som har spesiell relevans for døve barn i barnehagen og skolen. Slik kan til dømes faget drama og rytmikk for døve erstatte det ordinære tilbodet i faga musikk og drama.

Internasjonalisering

Institusjonane skal leggje til rette for at studentane i dei ulike delane av utdanninga får eit internasjonalt perspektiv på studiefaga og arbeidsområdet til førskolelæraren.

Institusjonane skal òg leggje til rette for at studentane kan ta delar av utdanninga i utlandet, og fastsetje vilkår for å få godkjent opphaldet som del av fagstudiet og av praksisopplæringa.

2.3 Praksisopplæring

I praksisopplæringa, som har eit omfang tilsvarende 20 arbeidsveker, skal studentane bli kjende med dei utfordringane og krava som blir stilte til ein førskolelærar. Dei skal få erfaring med å samhandle med barn og grupper av barn i ulike aldrar, med ulik bakgrunn og med ulike føresetnader. Dei må få erfaring med å vere leiarar for barn og vaksne og med å analysere dei erfaringane dei gjer.

Erfaringar og problemstillingar frå praksisfeltet er sentrale utgangspunkt for fagstudia. For å gjere samanhangen mellom dei ulike læringsarenaene tydeleg må studiet leggje opp til refleksjon, slik det er omtalt i avsnitt 1.3. Det bør eksistere fora der studentar, faglærarar og øvingslærarar kan drøfte praksiserfaringane til studentane og ulike syn på kunnskap og læring. Slike fora kan også gi rom for refleksjonar omkring i kva grad førskolelæraren kan forme eit oppvekstmiljø som fremjar utvikling, lærelyst, glede, trivsel og meistringsopplevingar for alle barn. Slike drøftingar og refleksjonar er med på å utvikle kunnskap og dugleik innanfor arbeidsområdet.

Godt samarbeid mellom praksisbarnehagane og utdanningsinstitusjonen har stor verdi for den totale kvaliteten i utdanninga. Institusjonane lagar ein plan for praksisopplæringa som

byggjer på måla for dei einskilde fagstudia og for utdanninga som heilskap, samtidig som han skal vere romsleg nok til å ta omsyn til planane som barnehagen arbeider etter. Planen skal vise korleis praksisopplæringa er organisert, og korleis progresjonen skal vere gjennom studieløpet. Han skal understreke det ansvaret faglærarar, studentar og praksisbarnehagar saman har for å planleggje, gjennomføre og gjennomarbeide praksiserfaringane.

Praksisopplæringa skal vere rettleidd. Utbyttet av praksis er avhengig av kunnig rettleiing, som byggjer på den evna praksisbarnehagen og øvingslæraren har til å gi rom for eigne erfaringar, undring og refleksjon hos studenten. Praksis skal i hovudsak vere knytt til arbeid i barnehage, men 2–3 veker skal vere i det første året i grunnskolen. Etter kvar praksisperiode skal studenten ha ei vurdering, med karakteren bestått/ikkje bestått.

Praksisopplæringa skal leggjast opp slik at studentane

- får innsikt i allsidig pedagogisk arbeid, med hovudvekt på leik og læring hos barn
- får samhandle med barn einskildvis og i grupper og får innsikt i barnehagen og grunnskolen som viktige læringsarenaer
- får leiarerfaring gjennom samarbeid med og leiing av personalgrupper, innsikt i dei oppgåvene styraren har, og i samarbeidet med foreldre/føresette og andre samarbeidspartnarar
- får innsikt i fleirkulturelle utfordringar i høve til barn og familiar
- får innsikt i korleis barnehagen kan førebyggje problem og gi hjelp til barn med særskilde behov
- analyserer praksiserfaringar i lys av teori, rammeplanen for barnehagen og prioriteringar og satsingar innanfor barnehagen
- utvidar refleksjonsgrunnlaget frå personleg meistring til å omfatte pedagogisk fellesskap og historiske, kulturelle og politiske fenomen knytte til barnehagen som samfunnsinstitusjon
- møter praksisfeltet som arena for utforsking og refleksjon over eige studiearbeid og for innhenting av kunnskap

2.4 Prinsipp for arbeids- og vurderingsformer

Institusjonane har ansvar for at studentane får erfaring med yrkesrelevante arbeids- og vurderingsformer. Oppgåver og dokumentasjonsformer må inkludere praksiserfaringar, fag og didaktikk, slik at ein oppnår heilskap og samanheng i utdanninga.

Arbeidsformene skal leggjast opp slik at studentane

- er aktivt med i planlegging, gjennomføring og vurdering av utdanninga
- utviklar aktiv kunnskapssøking og kritisk gransking av ulike kjelder
- får øving i kritisk tenking og refleksjon omkring historiske, kulturelle og dagsaktuelle aspekt ved barnehagen og yrkesprofesjonen
- får høve til estetisk utfalding, oppleving og erkjenning
- reflekterer over etiske spørsmål knytte til førskolelæreryrket
- får øving i munnleg, skriftleg og visuell framstilling for ulike målgrupper
- bruker relevant forskning og evaluering frå barnehagen i eiga læring og i utvikling av studiet
- bruker IKT i barnegrupper og i administrasjon av barnehagar

Vurderingsformene skal leggjast opp slik at studentane

- opplever varierte vurderingsformer tilpassa målet, innhaldet og arbeidsformene i studiet
- møter vurdering både undervegs og til slutt i studieeiningane
- ser samanheng mellom praksis og teori og mellom fag/fagområde
- får rettleiing og støtte til læring og personleg utvikling

2.5 Frå rammeplan til fagplan

Rammeplanen utgjer eit forplikande grunnlag for institusjonane, for dei tilsette, for studentane og for praksisbarnehagane. På dette grunnlaget utviklar institusjonane ein *fagplan for utdanninga*, i samarbeid med studentar og praksisbarnehagar. Planen skal gi informasjon om studiet som heilskap og skal innehalde ein plan for praksis, planar for einskildfag/fagområde (obligatoriske og valfrie studieeiningar) og planar for tverrfaglege emne. Lista nedanfor viser kva planen for førskolelærarutdanninga ved den einskilde institusjonen skal omfatte.

Om studiet

- studieorganisering, med studiemodell og eventuelt tverrfaglege eller temabaserte studieeiningar
- rettleiing og vurdering
- vilkår for fritak og innpassing av studium – også studieeiningar tekne i utlandet
- plan for praksisopplæringa
- korleis studentane kan medverke i utviklinga av studiet
- tiltak for minoritetsspråklege studentar
- vurdering av om studentane er skikka til yrket – med tilvising til lov og forskrift

Fag/fagområde

- fagleg og didaktisk innhald, samarbeid med andre fag og med praksisopplæringa, organisering og arbeidsformer, vurdering
- det fleirkulturelle og det internasjonale perspektivet
- likestillings- og kjønnsperspektivet
- tilpassa opplæring i barnehagen og det første året i grunnskolen

På tvers av fag/fagområde/tema

- opplæring i tråd med dei fem kompetanseområda, jf. avsnitt 2.1
- samarbeid med foreldre/føresette og ulike instansar med ansvar for oppvekstmiljøet til barn
- førskolelæraren som leiar, rettleiar og samarbeidspartnar
- tverrfaglege emne som trafikkopplæring, mobbing og barn i krise (overgrep, omsorgssvikt, sorg, krigstraume og liknande)
- barn med behov for særskild hjelp og støtte
- samiske emne i samsvar med gjeldande planar og mangfaldet i dei samiske områda
- IKT som hjelpemiddel for organisering, kommunikasjon, lek og læring
- overgangen frå barnehage til skole og opplæringa det første året i grunnskolen
- det samfunnsmandatet barnehagen har

Kapittel 3

PLANAR FOR FAG OG FAGOMRÅDE

Innleiing

Dette kapitlet skal lesast i samanheng med kapitla 1 og 2. Fagplanutviklinga ved den einskilde institusjonen krev at ein tek inn element frå dei føregåande kapitla.

Institusjonane avgjer om studiet skal organiserast fagdelt, som tverrfaglege studieeiningar eller temaorganisert i heile eller delar av utdanninga.

Kvart fag er først omtalt ut frå formål og eigenart. Målområda i faga er tredelte: fagleg kunnskap, pedagogisk arbeid med barn og samhandling og refleksjon. I den lokale fagplanen skal måla i rammeplanen konkretiserast, og det skal gå fram korleis ein legg opp arbeidet for å nå dei måla som er sette for opplæringa. Prinsipp og retningslinjer for utforming av fagplanar er formulerte i avsnitt 2.5.

3.1 Pedagogikk

Formål og eigenart

Pedagogikk er eit mangesidig fag og omfattar delområde som idéhistorie, didaktikk, filosofi, psykologi og sosiologi. Faget er eit danningsfag og skal gi eit grunnlag for personleg vekst, utvikling og etisk refleksjon hos studentane. Det har som mål å førebu studentane på eit yrke som er prega av kompleksitet, menneskeleg nærleik, mangfald og endringar. Faget skal hjelpe studentane til å opparbeide seg den kunnskapen og dei erfaringane som er nødvendige for kritisk å analysere det pedagogiske arbeidet til førskolelærarar i lys av relevante styringsdokument, forventningar frå foreldre/føresette og ulike teoriar og rammefaktorar.

Pedagogikkfaget har eit overordna ansvar for heilskap og yrkesretting i førskolelærarutdanninga, og det har ei særleg fagleg kopling til praksisopplæringa. Faget står fram som ein profesjonsdannande og samanbindande komponent i utdanninga.

Studentane skal bli fortrulege med dei ulike ansvarsområda innanfor yrkesfeltet. Det inneber at dei skal skaffe seg kunnskap om og erfaring med leiing av pedagogisk arbeid i barnehagen og det første året i grunnskolen. Førskolebarn skal vere sentrum og den faglege akselen i arbeidet med faget. Ein skal særleg leggje vekt på arbeidet med dei yngste barna i barnehagen, men også på overgangen mellom barnehage og skole.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kompetanse

Ein førskolelærar skal vere i stand til å bruke og analysere utviklings-, lærings-, sosialisering- og samspelsprosessar i barnehagen ut frå eit mangfald av perspektiv. Den faglege kompetansen skal gjere førskolelæraren i stand til å leie medarbeidarar og samarbeide med andre instansar. Faget skal i tillegg ruste og motivere førskolelærarane til å kunne halde seg fagleg oppdaterte og ha inspirasjon og arbeidsglede i eit langt yrkesliv.

Studentane skal

- ha innsikt i røtene og den vitskaplege basisen til pedagogikkfaget og ha kjennskap til dei utfordringane som kan kome fram i møtet mellom teori og praksis
- kjenne historia til barnehagen og korleis samfunnsmessige og kulturelle forhold verkar inn på verksemda
- kunne reflektere over psykologiske og pedagogiske forhold som gjeld små barn einskildvis og i grupper, relasjonar mellom barn og relasjonar mellom barn og vaksne
- ha kunnskap om leiing, rettleiing og samhandling og kunne bruke teoretisk og praktisk innsikt i ein profesjonell samtale med ulike samarbeidspartnarar
- ha kunnskap om førskolebarn med behov for særskild hjelp og støtte og om familiane deira, og vise innsikt i barnehagen som ein del av det offentlege støtteapparatet
- ha kunnskap om barn i ulike kriser og kunne vere med på å utvikle barnehagen som arena for førebygging og profesjonell hjelp

Didaktisk kompetanse

Førskolelæraren skal kunne ta vare på spontaniteten og kreativiteten hos små barn og det behovet dei har for lek, omsorg og læring. Kvardagen i barnehagen ber preg av dei ressursane som finst i det einskilde barnet, i barnegruppa, i personalgruppa, i rammevilkåra elles for barnehagen og i miljøet omkring.

Studentane skal

- vere i stand til å kartleggje, planleggje, gjennomføre og kritisk vurdere pedagogisk arbeid, basert på berande prinsipp i rammeplanen for barnehagen og med særleg forståing og respekt for den kulturelle og sosiale bakgrunnen til små barn
- kunne planleggje, reflektere over og grunngi det pedagogiske arbeidet dei sjølv og andre gjer, i lys av forskning og teori om veremåten til barn, med vekt på lek, omsorg og læring i ein sosial kontekst
- ha innsikt i ulike didaktiske verktøy for å kunne planleggje, gjennomføre og kritisk vurdere verksemda i barnehagen og det første året i grunnskolen
- kunne leggje til rette for ein inkluderande barnehage for alle barn, kartleggje og setje i verk tiltak for barn med behov for særskild hjelp og støtte og utvikle barnehagen som arena for førebyggjande barnevern
- ha innsikt i teoriar om forskjellar mellom gutar og jenter og kjenne metodar for å fremje likestilling og likeverd mellom kjønna

Sosial kompetanse

Dersom utviklings-, lærings- og samspelsprosessar skal bli vellukka, krev det gode og aktive sambandslinjer mellom førskolelærarar, barn, foreldre/føresette, kollegaer og andre samarbeidspartnarar.

Studentane skal

- ha forståing for korleis ulike element i ein utviklings-, lærings- og samspelsprosess påverkar kvarandre, og kunne vise denne forståinga gjennom planlegging av og aktiv deltaking i tiltak på eit relasjonelt grunnlag
- ha evne til innleving, respekt og toleranse for barna sin identitet og vere lydhøyre for små kroppslege og verbale signal hos små barn
- vise evne til nært samarbeid med foreldre/føresette og andre samarbeidspartnarar
- ha eit fagleg og personleg fundament som gjer dei i stand til å forstå si eiga rolle i ein arbeidsfellesskap kjenneteikna av forpliktande relasjonar, og kunne bruke pedagogisk rettleiing i den faglege leiinga av personalet i barnehagen
- kunne reflektere over grunnleggjande spørsmål som gjeld kulturelt mangfald, og kunne arbeide pedagogisk med barn i samarbeid med foreldre/føresette som har ulik kulturell og sosial bakgrunn

Endrings- og utviklingskompetanse

Eit dynamisk samfunn i stadig forandring føreset at førskolelærarar er i stand til å leie, analysere, forstå og handle i høve til utviklings- og endringsprosessar. Dei må vere nyskapande i det pedagogiske arbeidet og samtidig kunne vurdere kva som er det beste for barna. Idear om nyskaping må vere bygde på fagleg innsikt i kva barn har behov for, tradisjonar i barnehagen og nye forventningar frå foreldre/føresette og frå samfunnet.

Studentane skal

- vere fortrulege med kjenneteikn ved barnehagen som organisasjon og korleis personalet kan utvikle kompetanse for endring
- ha eit fagleg grunnlag for å leie ulike typar organisasjons- og utviklingsarbeid i barnehagen og kunne gjere seg nytte av varierte metodar og reiskapar i slikt arbeid
- kunne utvikle barnehagen til eit kvalitativt godt tilbod for alle barn og foreldre/føresette, eit tilbod tilpassa lokale og kulturelle forhold og behov
- ha kunnskap om FOU-arbeid og interesse for å halde seg fagleg à jour

Yrkesetisk kompetanse

Å arbeide som førskolelærar inneber stadige valsituasjonar, og svært mange av vala har etiske implikasjonar. Den yrkesetiske kompetansen må derfor gjennomsyre alt arbeid i barnehagen. Ein førskolelærar må også kunne forklare og grunngi val, prioriteringar og handlingar overfor barn, foreldre/føresette og kollegaer.

Studentane skal

- vise forståing for og forplikte seg på dei konsekvensane som mandatet og verdigrunnlaget for barnehagen har for yrkesrolla
- kunne reflektere over eiga framtidig leiarrolle og korleis eigne handlingar kan påverke utviklinga, livskvaliteten og trivselen til barna
- ha utvikla ein yrkesidentitet og eit yrkesmedvit som er prega av audmjuk haldning og samtidig autoritet, og som kviler på mangfaldet av historiske, samfunnsmessige og kulturelle verdiar
- kunne opptre som talspersonar for barna og handle til beste for barn i nært samarbeid med foreldre/føresette
- kunne vurdere behovet for å innhente ekstern fagkompetanse og respektere informasjonsplikta og teieplikta

3.2 Drama

Formål og eigenart

Drama er eit kunst-, uttrykks- og kommunikasjonsfag med røter i teaterkunsten og i pedagogikken. Den mest spontane forma for drama i vår kultur finst i barneleiken. Drama og teater byggjer mykje av fundamentet sitt på forståinga av dramatisk leik hos barn. Faget bør setjast inn i både ein praktisk og ein historisk og teoretisk samanheng.

Kunnskap om teater kan hjelpe studentane til å lære å identifisere dramatiske grunnelement og strukturar i barneleik. Ved at studentane får erfaring med sjølv å spele for barn, blir dei betre i stand til å vurdere barneleik. Dei vil også kunne forstå teatret som kunstform og som inspirasjon for leik og pedagogisk arbeid. Gjennom dramafaget skal studentane tileigne seg ei grunnleggjande innsikt i og forståing for samanhengen mellom læring og leik hos barn. Faget skal òg hjelpe studentane med å utvikle sine eigne dramatiske kunnskapar og dugleikar og gjere dei i stand til å planleggje, gjennomføre og evaluere dramapedagogisk arbeid i barnehagen.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kjennskap til ulike dramatiske uttrykksformer
- kunne ta del i utviklinga av eigne framsyningar
- kunne gjere bruk av ei teaterframsyning i ein større dramapedagogisk samanheng
- ha grunnleggjande kunnskap om korleis sentrale tema i medvitnet til barn kan bli brukte i dramapedagogisk arbeid
- ha kjennskap til dramatisk leik hos barn og kunne identifisere dei ulike sidene ved slik leik, for å kunne bruke element derifrå i dramapedagogisk arbeid

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- ha dugleik i bruk av kroppen og stemma i dramafaglege aktivitetar og kunne leie dramapedagogisk arbeid i barnehagen
- tilpasse det dramapedagogiske arbeidet til barnekultur, språk og andre føresetnader
- kunne ta i bruke leik og improvisasjon som element i drama- og teaterproduksjon saman med barn

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne vurdere og analysere teaterframsyningar retta mot barn
- vise innsikt i kva teater og dramatisk spel har å seie når det gjeld utvikling av fleirkulturelt fellesskap, inkluderande haldningar og evne til å ta ulike perspektiv
- kunne reflektere over den plassen faget har i tverrfaglege tema og arbeidsområde i studiet

- kunne reflektere over plassen faget har i barnehagen, med vekt på tilpassa opplæring og nært samarbeid med foreldre/føresette

3.3 Forming

Formål og eigenart

Forming er eit kunst- og kulturfag og eit uttrykks- og kommunikasjonsfag som legg vekt på visuelle og taktile uttrykk i to- og tredimensjonalt formspråk. Oppleving, refleksjon og uttrykk står sentralt i faget. Med historisk og kulturell forankring byggjer faget på verdiar og tradisjonar innanfor kunst, arkitektur, design og handverk. Innhaldet i faget må sjåast i ein kulturell kontekst. Kunst og formkultur i samfunnet og barnekulturen har mykje å seie for den opplevinga barn har av tilhøyrse og utvikling av identitet. Faget gir kunnskapar om korleis utforminga av barnehagen kan formidle kulturelle og estetiske verdiar og inspirere barn i deira lek og utforsking.

I førskolelærarutdanninga skal arbeidet med forming hjelpe studentane til å utvikle estetisk merksemd, skapande evner og praktiske dugleikar. Dei skal utvikle innsikt og evne til refleksjon i høve til kunst og formkultur. Studiet må setje studentane i stand til å møte barn i deira lek og utforsking av omgivnadene. Studentane skal òg ha utvikla innsikt i og kunnskapar om visuelle uttrykk hos barn og korleis førskolelærarar kan inspirere og leggje til rette for opplevingar og estetiske uttrykk gjennom praktisk arbeid.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskapar om og dugleik i å bruke form og farge som verkemiddel i visuelle uttrykk
- ha kunnskapar om og dugleik i å bruke materiale, reiskapar og teknikkar
- vere fortrulege med særeigne uttrykksformer hos barn og kunne kjenne att utviklinga hos barn i arbeid med to- og tredimensjonal form
- ha kjennskap til kunst og formkultur med ulik kulturell forankring
- ha innsikt i og kunnskapar om den estetiske og pedagogiske verdien av dei fysiske omgivnadene og kunne leggje til rette eit estetisk og inspirerande miljø som ramme rundt kvardagslivet til barna

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne ta utgangspunkt i barna sine uttrykk og barna si utforsking av dei fysiske omgivnadene ute og inne når dei legg opp det pedagogiske arbeidet
- vere i stand til å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere skapande prosessar for barn på ulike alderssteg og med ulike føresetnader og sikre ein progresjon i aktivitetane til barna
- kunne bruke ulike kunst- og formuttrykk i arbeidet med barn
- ha innsikt og dugleik i korleis skapande verksemd går føre seg, og kunne formidle denne kunnskapen
- kunne analysere og vurdere ulike kunst- og formuttrykk i arbeidet med barn

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- vise evne til å dokumentere skapande prosessar for barn på ulike alderssteg, med ulik kulturbakgrunn og med ulike føresetnader
- kunne analysere, kritisk vurdere og reflektere over vilkåra for formingsaktivitetar i inne- og uteområda til barnehagen og kunne bruke denne innsikta i rettleiing av personalet i barnehagen
- kunne ta del i tverrfagleg og fleirfagleg opplæring i det første året i grunnskolen, på grunnlag av eigenarten til faget

3.4 Fysisk fostring

Formål og eigenart

Fysisk aktivitet påverkar dei fleste utviklingsområde hos barn og er viktig for den totale utviklinga og den framtidige helsa. I eit samfunn som gjer barn stadig meir passive, er det viktig å sjå verdien i at dei er fysisk aktive både inne og ute. Barnehagen kan gjennom stimulerande rørsleleik gi barn høve til å utvikle motorisk dugleik og glede ved å vere i rørsle. Varierte uteaktivitetar kan òg gi positive haldningar til og erfaring i å bruke naturen.

Gjennom faget fysisk fostring skal studentane tileigne seg kunnskapar om kva fysisk aktivitet har å seie, og korleis og kvifor ein legg til rette slik aktivitet ute, inne og til alle årstider. Dei skal også gjennom eigen leik og eiga oppleving og erkjenning få positive haldningar til det å vere i fysisk aktivitet.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om den fysiske og sansemotoriske utviklinga hos barn og den verdien denne utviklinga har for læringa og den totale utviklinga
- ha kunnskap om korleis ulike typar fysisk aktivitet påverkar den sansemotoriske utviklinga og den fysiske og psykiske helsa til barn
- ha kunnskap om korleis ein legg til rette for uteaktivitetar og friluftsliv for barn
- ha innsikt i årsaker til sansemotoriske problem og kunne leggje til rette fysiske aktivitetar for barn med behov for spesiell hjelp og støtte
- kunne utføre førstehjelp

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- vise evne til å observere og vurdere den fysiske aktiviteten og den sansemotoriske utviklinga hos barn og leggje til rette tilpassa aktivitetar for alle barn
- kunne drive rørsleleik for og saman med barn og kunne grunngi aktivitetane
- vise evne til å leggje til rette, gjennomføre og vurdere aktivitetar for barn ute, inne og til alle årstider, slik at barna opplever glede over å vere i fysisk aktivitet
- kunne utføre skapande og ekspressive aktivitetar og formidle desse aktivitetane til barn
- kunne vise glede ved å vere i aktivitet ute i naturen og inspirere til å ta vare på naturen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne ta del i pedagogisk samarbeid ut frå kunnskapsbasen og eigenarten til faget
- vise evne til å samarbeide med foreldre/føresette og personalet i barnehagen om rørsleaktivitetar i kvardagen til barna
- kunne reflektere over den stillinga faget har i barnehagen og kunne leggje til rette for fagleg utvikling og tverrfagleg samarbeid

3.5 Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL)

Formål og eigenart

Kristen tru og tradisjon utgjer ein djup og brei straum i norsk kultur og historie. Kristne tradisjonar og førestellingar pregar samfunnet vårt på mange plan. Det gjeld mellom anna høgtider, skikkar, moral og rett, språk og litteratur, musikk og kunst. Samtidig blir det norske samfunnet i aukande grad samansett av grupper som byggjer identiteten sin på andre trus- og livssynstradisjonar enn den kristne.

Religion, livssyn og etikk er viktig for personlegdomsutviklinga og den kulturelle identiteten hos barn. I faget KRL står kultur- og verdiformidling sentralt. Formidlinga må skje i nært samarbeid med heimen til barna. Faget har eit særskilt ansvar for å arbeide med verdigrunnlaget til barnehagen og skolen. Det skal presentere, drøfte og vidareutvikle aspekt ved kulturarven som har med kristendom, religion og livssyn å gjere.

Gjennom studiet skal studentane skaffe seg kunnskap om religionar og livssyn, med særleg vekt på kristendommen. Dei skal skaffe seg innsikt i livstolkinga til barn, og dei skal få øving i å drøfte etiske utfordringar. Studentane skal utvikle haldningar som gjer at dei møter barn, foreldre/føresette og andre vaksne med ulike livssyn med respekt, med innsikt og på ein lydhøyr måte. Dei skal kunne leggje opp verksemda slik at alle barn får støtte for sin eigenart og får respekt for eigenarten hos andre. Faget skal også gi studentane grunnlag for personleg vekst og refleksjon over eiga verdiforankring og eigen praksis.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om nokre sentrale forteljingar i Bibelen og nokre sentrale element i kristen truslære
- kjenne til kva kristendommen har å seie for norsk kultur lokalt og nasjonalt
- kjenne hovudtrekka ved nokre andre religionar og livssyn, med vekt på sentrale forteljingar, høgtider, familieliv og kvardagsliv
- kjenne til kva religion og livssyn har å seie for personleg og kulturell identitet
- ha innsikt i dei føresetnadene og førestellingane barn har i møtet med religion, livssyn og moral
- ha eit reflektert forhold til etiske grunnlagsspørsmål, yrkesetikk og etikken sedd i høve til religion og livssyn

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- vise evne til å kunne samtale med små barn om livssynsspørsmål og støtte opp under deira interesse for og undring i slike spørsmål
- ha kunnskap om emne i kristen tru og om kristne høgtider og merkedagar og kunne bruke sentrale bibelforteljingar i barnehagen
- kunne ta omsyn til ulike religiøse tradisjonar i ei fleirkulturell barnegruppe

- vise evne til å planleggje, gjennomføre og vurdere emne innanfor religion og etikk og bruke arbeidsformer som inspirerer barn til glede, undring og leik
- kunne analysere, prioritere og handle i møte med etiske dilemma i ulike situasjonar og ved konflikhtar kvardagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- ha eit reflektert forhold til verdigrunnlaget i barnehage og skole og til verdien av eit nært samarbeid med heimen til barna
- kunne formidle kunnskap og innsikt frå fagområdet til kollegaer og til foreldre/føresette og kunne samarbeide om praktiske løysingar for det einskilde barnet
- kunne analysere og gjere reflekterte val i møtet med eit religiøst og livssynsmessig mangfald
- samarbeide med personalet i barnehagen når det gjeld å møte barn i krise på ein etisk forsvarleg måte

3.6 Matematikk

Formål og eigenart

Matematikkfaget er viktig for å forstå og for å kunne omtale egne erfaringar og opplevingar på ein tenleg måte. Gjennom eksperimentering og leik utviklar barn omgrep og matematisk kompetanse. Barn er opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, dei argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Alt dette er viktig for den matematiske forståinga.

Studentane skal skaffe seg kunnskap om matematikk og innsikt i korleis matematisk forståing blir utvikla, slik at dei kan leggje til rette for og vidareutvikle matematikkforståinga hos barn i det pedagogiske arbeidet. Studiet skal hjelpe studentane til å utvikle egne haldningar, kunnskapar og dugleikar innanfor faget og fagdidaktikken, og til å kunne samhandle med barn ut frå dei føresetnadene barna har.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om kva språket har å seie for utviklinga av matematikk hos små barn, om den logiske evna barn har, og barn som problemløysarar
- ha innsikt i korleis barn utviklar matematikkforståing, og korleis matematikk kan oppfattast som eit eige språk, som må byggjast opp
- ha kjennskap til dei matematiske emna tal, rekning med tal og geometri – og forståing av omgrep, symbol og relasjonar knytte til desse emna
- vise innsikt i matematisk kunnskap og aktivitet som er aktuell ut frå rammeplanen for barnehagen og læreplanen for det første året i grunnskolen

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne bruke matematikk på varierte måtar i pedagogisk arbeid med barn, for å utvikle den matematiske kompetansen hos barna
- vere fortrulege med å observere og bruke matematikken i leiken til barn, slik at den matematiske kompetansen blir utvikla
- sjå matematikk i eit breitt perspektiv, slik faget kjem til uttrykk i kvardagen til barna og det kulturelle miljøet dei hører til, og kunne bruke denne innsikta til å utvikle den matematiske kompetansen til barna
- vere i stand til å knyte døme frå barn si erfaringsverd til arbeidet med matematikk
- kunne vere med i aktivitetar saman med barn, der matematiske kunnskapar verkar saman med andre kunnskapsfelt i samtale og leik
- ha bakgrunn for å leggje til rette, gjennomføre og vurdere begynnaropplæring i matematikk det første året i grunnskolen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne samtale med foreldre/føresette og personalet i barnehagen om matematiske emne som element i barna si utvikling
- vise innsikt i og kunne reflektere over bruk av leiketøy, spel, IKT og andre tekniske hjelpemiddel i faget
- kunne reflektere over korleis ulike kulturar i barnehagen og skolen legg premissar for arbeidet med faget, og korleis førskolelærarar kan vere med på å gjere overgangen til skolen best mogleg

3.7 Musikk

Formål og eigenart

Eit kontinuerleg samspel mellom lyd og rørsle pregar små barn i kontakt med omverda. Musikk omfattar eit mangfald av uttrykksformer og er knytt til lokal, nasjonal (inkludert samisk) og internasjonal kunst og kultur. Musikkfaget støttar opp under barna si utvikling på mange område, og arbeidet med musikkfaget skal gjere barnehagen og skolen til gode arenaer for musisk utfolding og for personleg vekst og identitetsdanning. Musikk og rørsle som kulturelle fenomen kan leggje grunnlaget for toleranse mellom menneske.

Studiet i musikk skal fremje eigenutviklinga til studentane, musikkglede og meistringskompetanse. Gjennom direkte erfaring med musikk i skapande og gjenskapande aktivitetar skal studentane tileigne seg ein musikkfagleg, didaktisk og sosial kompetanse som er relevant for arbeidet med musikk for og saman med små barn. Arbeidet med musikk skal gi rom for erkjenning og oppleving, inspirasjon og glede.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om musikkpedagogisk teori og didaktikk og utvikling av musikalsk kompetanse
- ha kunnskap om barnekultur og lek, musikk, song og dans i lokal, nasjonal og internasjonal kultur som er relevante for arbeidet i barnehagen
- ha innsikt i musikk og dans som del av estetisk verksemd og som kjelde for oppleving, uttrykk og kommunikasjon
- kjenne til og ha gjort erfaringar med varierte musikkfaglege aktivitetar

Pedagogisk arbeid i barnehagen

Studentane skal

- kunne bruke barnekultur og lek, musikk, song og dans frå lokal, nasjonal og internasjonal kultur i barnehagen
- ha kunnskap om og kunne bruke ulike aktivitetsformer i musikk i barnehagen, tilpassa dei ulike føresetnadene barn har
- kunne leggje til rette for og gjennomføre musikkaktivitetar og aktivitetsformer som fremjar estetisk erkjenning, glede, skapartrong og musikkleik
- kunne leggje til rette for gode opplevingar med bruk av musikk og dans i barnehagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne rettleie personalet i barnehagen i korleis ein kan stimulere det musikalske uttrykket hos små barn, og korleis ein kan bruke musikk i barnehagen
- ha innsikt i tverrfagleg og fleirfagleg opplæring i det første året i grunnskolen, ut frå eigenarten til musikkfaget

3.8 Naturfag med miljølære

Formål og eigenart

I naturfag med miljølære utgjer praktisk arbeid og teori grunnlaget for sansande, opplevande og eksperimenterande arbeidsformer. Felles naturopplevingar kan gi grunnlag for eit sterkt sosialt nettverk mellom barn, fremje omgreps- og språkopplæringa og styrkje trua på seg sjølv. Arbeid i naturen og med naturfag kan gi barn oppleving av meistring. Det kan verke inkluderande i høve til ulik kulturell bakgrunn og gjere det mogleg å leggje opplæringa til rette for barn med spesielle behov.

Det arbeidet studentane gjer innanfor fagområdet, skal fremje oppleving, glede og undring og gjere dei nyfikne på naturfaglege emne. Studiet skal gi forståing for kor viktig det er med eit nært forhold mellom barn og natur, både som eigenverdi for barnet og i eit framtidsretta perspektiv.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kjennskap til dei vanlegaste dyra og plantane i nærområdet
- kjenne til det fysiske verdsbiletet, årstidsvariasjonar og enkel astronomi
- kjenne til forteljingar og mytar frå ulike kulturar som tek for seg naturfaglege tema
- ha kunnskap om menneskekroppen og om kosthald og ernæring knytt til små barn
- ha kjennskap til kva teknologien har å seie for små barn i eit moderne samfunn

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne vurdere og planleggje uteområdet i og omkring barnehagen med tanke på naturopplevingar, lek og læring for barn på ulike alderssteg og med ulike føresetnader
- leggje til rette for eit stimulerande læringsmiljø som fremjar nyfikna, oppdagarglede og omgrepsutviklinga hos barn
- kunne gjennomføre aktivitetar i nærmiljøet som engasjerer og involverer barn
- kunne arbeide med naturfag i formelle og uformelle samanhengar og bruke naturfag i lek, som inspirasjon til lek og i tverrfaglege og temabaserte samanhengar
- vise evne til å leggje til rette for bruk av og lek med naturmateriale
- kunne leggje til rette for den eksperimentelle og utforskande leiken inne og ute, med tema som vatn, luft, lys, lyd, teknikk og energi
- kunne planleggje, gjennomføre, vurdere og reflektere over førebyggjande helsearbeid og praktisk helsevern i barnehagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- ha eit etisk reflektert syn på natur og miljø i samfunnet og kunne grunngi kvifor dette emnet er viktig i arbeidet med små barn

- kunne vurdere og drøfte fagområdet med foreldre/føresette og personalet i barnehagen i eit historisk og fleirkulturelt perspektiv
- kunne samarbeide med foreldre/føresette om natur- og miljøfaglege tema i barnehagen

3.9 Norsk

Formål og eigenart

Norskfaget har ansvar for å formidle kunnskap om språk, tekstar og kultur med relevans for arbeidet i barnehagen. Faget har estetiske dimensjonar og har fellestrekk med mellom anna drama og musikk. Språket er utgangspunkt for tenking, oppleving og kommunikasjon, og det er ein grunnleggjande kulturfaktor. Gjennom språket utviklar barn seg som deltakarar i ulike menneskelege fellesskapar, og dei møter eit mangfald av impulsar. I førskolealderen blir grunnlaget for barna sitt eige språk lagt, og dei begynner å orientere seg mot ulike språk- og tekstformer i kulturen.

I barnehagen er norsk morsmålet for dei fleste barna, og det er derfor viktig for framtidige førskolelærarar å forstå det norske språket som uttrykksmiddel og som berar av kultur. Samtidig har mange barn eit anna morsmål enn norsk. Kunnskap om språk og kultur må derfor reflektere mangfaldet og det fleirkulturelle ved det moderne samfunnet.

Gjennom studiet skal studentane skaffe seg kunnskapar om språk, kultur, medium og kommunikasjon. Studiet i norsk skal hjelpe studentane til å utvikle seg som reflekterte og gode språkbrukarar, både munnleg og skriftleg. Ved sjølve å vise glede i bruk av språk skal dei bli i stand til å stimulere språkutviklinga hos barn. Gjennom studiet skal studentane også utvikle seg som kreative og kvalitetsbevisste kulturformidlarar.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- meistre norsk språk, med tanke på munnleg og skriftleg (bokmål og nynorsk) framstilling og formidling
- ha kunnskap om den munnlege og begynnande skriftlege språkutviklinga hos barn, mellom anna teoriar om korleis barn lærer norsk som andrespråk
- kunne identifisere ulike språkvanskar hos barn
- vite kva som kjenneteiknar ulike typar barnelitteratur og medietekstar, og vere i stand til å vurdere kvalitet i tekstar som blir laga for barn
- ha kunnskap om ulike former for barnekultur, både barna sine eigne kulturelle uttrykksformer og den kulturen vaksne formidlar til barn

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne leggje til rette for kreativ språkstimulering i barnehagen
- vise korleis dei kan skape eit språkmiljø som inkluderer barn med språkvanskar og barn med tospråkleg bakgrunn
- ha teoretisk og metodisk kunnskap om omgrepsopplæring og førebuande og begynnande lese- og skriveopplæring og kunne leggje til rette for ei god lese- og skriveutvikling for barn i det første året i skolen

- kunne medverke til at barnehagen blir ein arena for glede, inspirasjon og god kulturformidling, gjennom forteljing og høgtlesing
- kunne leggje til rette for at barna sjølve får vere kulturelt skapande gjennom forteljing, fabulering og leik med språket
- kunne arbeide kreativt og kritisk med bruk av IKT saman med barn og som reiskap i leiing av barnehagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne reflektere over sin eigen måte å kommunisere på, både munnleg og skriftleg, i samspel både med barn og vaksne
- vise evne til å reflektere over den rolla barnehagen spelar som kulturformidlar i samfunnet
- kunne forstå, analysere og drøfte med foreldre/føresette og personalet i barnehagen korleis ulike kulturelle impulsar pregar kvardagen til barna
- kunne reflektere over korleis ulike kulturar i barnehagen og skolen legg premisser for arbeidet med faget

Vurdering i norsk

Språksituasjonen i Noreg føreset at førskolelærarar kan bruke begge dei norske målformene. Studentane skal prøvast i skriftleg bokmål og nynorsk.

Det kan givast fritak frå prøve i ei av målformene i norsk for studentar som har samisk, kvensk, norsk teiknspråk eller eit anna minoritetsspråk som morsmål, og som ikkje har vurdering i begge norske målformer frå vidaregåande opplæring. Det samme gjeld for utanlandske studentar som ikkje har vidaregåande opplæring frå Noreg. Fritaket skal førast på vitnemålet.

3.10 Samfunnsfag

Formål og eigenart

I samfunnsfaget studerer ein barnehagen som samfunnsinstitusjon. Det historiske perspektivet på barndom og framveksten av velferdsstaten står sentralt. Faget omfattar kunnskap på individ-, organisasjons- og samfunnsnivå. Ei god samfunnsvitskapleg forståing er viktig både i høve til arbeidet i barnehagen, i høve til samarbeidspartnarar utanfor barnehagen og i høve til å kunne arbeide for den gode barndommen også på andre arenaer.

Gjennom samfunnsfaget skal studentane bli i stand til å analysere barna sin oppvekst i ein samfunnsmessig samanheng, dei skal kunne sjå barnehagen i eit samfunnsfagleg perspektiv, og dei skal kvalifisere seg for den profesjonelle yrkesrolla som førskolelærar.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kjennskap til aktuelle samfunnsvitskaplege omgrep, teoriar og perspektiv
- ha kunnskap om aktuelt lovverk om teieplikt og personvern, om det juridiske grunnlaget for førebyggjande barnevern, om rettar som gjeld barn med spesielle behov, om FNs internasjonale konvensjon om menneskerettar og FNs barnekonvensjon
- ha kunnskapar om familie og barndom i samfunnet i dag og i historisk og fleirkulturelt perspektiv
- ha kunnskapar om organisasjonsteori og organisasjonskultur og om barnehagen i det politisk-administrative systemet
- ha innsikt i den profesjonelle rolla førskolelæraren skal spele i høve til familien til barna, barnehageeigaren, til samarbeidspartnarar utanfor barnehagen og til nærmiljøet

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne planleggje og gjennomføre pedagogiske opplegg innanfor samfunnsfaglege tema, lagde til rette for små barn i barnehagen og det første året i grunnskolen
- ha kompetanse i leiing i tråd med dei ulike leiaroppgåvene førskolelærarar har
- kunne samarbeide med dei næraste samarbeidspartnarane til barnehagen
- ha profesjonelt grunnlag for å kunne arbeide tverretatleg i barnehagen og det første året i grunnskolen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne møte foreldre/føresette og barn med ulik bakgrunn med respekt
- kunne ta initiativ til lokalt utviklingsarbeid og organisasjonsutvikling i barnehagen
- ha eit reflektert forhold til omgrep som kjønnsforskjellar, likestilling, sosial ulikskap og velferdsstaten
- ha evne til etisk refleksjon i høve til si eiga yrkesrolle

3.11 Drama og rytmikk for døve

Formål og eigenart

Faget byggjer på dramatiske og rytmiske arbeids- og uttrykksformer som uttrykkjer og formidlar stemningar, tankar og kjensler ved det å vere menneske – i leik, fest og kvardagsliv. For høyrande menneske har desse aktivitetane ofte vore knytte til musikk, song og dans. Musikkoppleving bygd på rytmar, tonar, instrumental og vokal aktivitet og lytting har i stor grad vore knytt til det auditive sanseapparatet.

Drama og rytmikk for døve skal gi døve og tunghørde studentar høve til ei alternativ opplæring innanfor det estetiske området, og faget skal førebu studentane til arbeid med drama og rytmikk i barnehagen. Det blir lagt vekt på at studentane skal kjenne glede ved kreative aktivitetar og bruken av skapande evner, gjennom teiknspråk, leik, rørsle og dans. Dramadelen av faget er forankra både i det pedagogiske fagfeltet og i tradisjonar og arbeidsmåtar frå teateret. Forteljetradisjonen innanfor norsk teiknspråk inspirerer barna til egne forteljingar og rolleleik, og denne tradisjonen er derfor eit viktig element i faget.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om rytmeomgrepet og rytmeteikn for å kunne arbeide med rytme slik han kjem til uttrykk i rørsle, leik og dans
- ha kunnskap om dramatiske grunnelement, verkemiddel og val og kunne bruke denne kunnskapen saman med barn i leik, improvisasjon og dramatisk formidling
- ha kjennskap til korleis leiken er ei viktig side ved barna sin eigen kultur
- ha kjennskap til teoriar om kreativt teiknspråk, form og verkemiddel
- kunne gjere greie for kulturomgrepet og korleis det kjem fram i kulturen til døve, til høyrande og i framande kulturar
- kjenne til læreplanen i faget for 1.–4. klasse i grunnskolen, for å kunne skape kontinuitet mellom drama- og rytmikktilbodet til dei eldste førskolebarna og drama- og rytmikkfaget i grunnskolen

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne leggje til rette for eit stimulerande miljø i høve til drama og rytmikk i barnehagen, for å utløyse barna si skapande evne til erkjenning, innleving, oppleving og deltaking
- kunne leggje til rette for estetiske opplevingar i barnehagen og i nærmiljøet
- kunne skape rom for glede og kreativitet gjennom teiknspråk, leik, rørsle og dans
- ha innsikt i korleis rytme og drama kan brukast i eiga skapande verksemd og i pedagogisk verksemd saman med barn i barnehagen og det første året i grunnskolen
- vere i stand til å planleggje, gjennomføre og vurdere ulike rytmiske og dramatiske aktivitetar og kunne arbeide systematisk med bruk av slike aktivitetar i barnehagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- vise evne til refleksjon over skapande uttrykk hos andre innanfor rytmikk og drama og kunne gi rettleiing innanfor fagområdet
- ha innsikt i korleis ulike former for kreativ bruk av teiknspråk kan gi inspirasjon til eigen og andre sin produksjon
- kunne arbeide tverrfagleg, til dømes i samarbeid med faget norsk teiknspråk, om bruk av den estetiske dimensjonen i språket

3.12 Norsk for døve

Formål og eigenart

Døve menneske lever i to kulturar, og faget norsk for døve er eit bindeledd mellom desse kulturane. Språk er utgangspunkt for tenking, oppleving og kommunikasjon, og det er ein grunnleggjande kulturfaktor. Gjennom språket utviklar barn seg som deltakarar i ulike menneskelege fellesskapar og møter eit mangfald av impulsar. I førskolealderen blir grunnlaget for barna sitt eige språk lagt, og dei begynner å orientere seg mot ulike språk- og tekstformer i kulturen.

Faget norsk for døve har ansvar for å formidle kunnskap om språk, tekst og kultur med relevans for arbeidet med døve og tunghøyrdede barn i barnehagen og det første året i grunnskolen. Gjennom utdanninga skal studentane bli i stand til å leggje til rette for at barn skal bli funksjonelt tospråklege og tokulturelle. Faget skal også hjelpe studentane til å styrkje sine egne tospråklege kunnskapar og sin tokulturelle identitet, og det skal utvikle respekt for kultur og verdiar hos andre. For at døve menneske skal ha høve til å ta aktivt del i det norske samfunnet, er det også viktig å utvikle sikker lese- og skrivedugleik og kjennskap til norsk kultur og samfunnsliv.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- kunne gjere greie for dei spesielle språklege utfordringane som er knytte til utvikling av omgrep og ordtilfang hos døve barn og språkutvikling hos barn generelt
- ha innsikt i korleis språket er bygt opp, og korleis det blir brukt i ulike situasjonar, slik at dei kan analysere språk og språkbruk, munnleg og skriftleg
- ha kjennskap til grunnleggjande opplæring i lese- og skrivedugleik og den nære samanhengen med bruk av faget norsk teiknspråk, og utvikle eigen dugleik i framstilling og formidling av norsk skriftspråk
- ha kunnskap om tekstar frå barnelitteraturen, biletbøker og andre medietekstar frå barnekulturen før og no, også slik han kjem til uttrykk hos døve barn
- ha kunnskap om korleis språket er berar og formidlar av kultur og identitet, som ein lokal og nasjonal kulturarv innanfor kulturen til både høyrande og døve barn

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne leggje til rette for at barn skal bli funksjonelt tospråklege og tokulturelle
- kunne planleggje, gjennomføre og vurdere språkstimulering, språkopplæring og kulturformidling med utgangspunkt i det gjeldande planverket
- kunne leggje til rette for språkstimulerande og bevisstgjerande leik og kvardagsaktivitetar på norsk teiknspråk og norsk og inspirere barn til eigen produksjon av tekstar

- medverke til at barnehagen gjennom god kulturformidling blir ein arena for glede og inspirasjon
- ha dugleik i å bruke dramatiske uttrykksformer og metodar frå faget drama og rytmikk for døve, som eignar seg til å skape, tolke og formidle tekstar saman med små barn
- vere i stand til å stimulere barn i bruk av visuelle medium i barnehagen

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne vurdere og rettleie i bruk av tekstar frå barnelitteraturen, biletbøker og andre medietekstar frå barnekulturen og i bruk av ulike typar pedagogisk materiell og ulike arbeidsmåtar
- kunne vurdere og bruke ulike formidlingsmåtar både på norsk og norsk teiknspråk, for å auke sin eigen språk- og tekstkompetanse
- kunne bruke norsk språk skriftleg i barnehagen, for å auke språk- og tekstkompetansen hos seg sjølve og hos samarbeidspartnarar
- vise evne til å reflektere over bruk av norsk for døve i samspel med andre fag i studiet

3.13 Norsk teiknspråk

Formål og eigenart

Norsk teiknspråk er eit visuelt språk, der kommunikasjonen skjer via synet, medan talespråket går via høyrsele. Teiknspråket har ein eigen struktur og er det språket som døve bruker seg imellom. Døve menneske høyrer til ei språkleg minoritetsgruppe og kan derfor samanliknast med andre språklege minoritetar.

Norsk teiknspråk skal fremje ei fleirkulturell forståing og praksis og hjelpe døve og tunghøyrde til å bli funksjonelt tospråklege og tokulturelle. Norsk teiknspråk og norsk talespråk og skriftspråk skal saman gi barna grunnlag for kognitiv, sosial og emosjonell utvikling i samsvar med evner og føresetnader hos den einskilde, slik at dei kan ta aktivt del i det norske storsamfunnet og samtidig få høve til å utvikle sin kulturelle eigenart. Sidan norsk teiknspråk har ein kort tradisjon innanfor høgare utdanning, skal studiet gi rom for eksperimentering og utforsking.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha innsikt i kor viktig leik og sosialt samspel er for utvikling av språk, tenking og læring
- ha kunnskap om strukturen i og oppbygginga av det norske teiknspråket og dugleik i å bruke teikn i kommunikasjon med andre
- kunne analysere, tolke og formidle teiknspråktekstar i ulike sjangrar, tekstar som omfattar både estetiske, etiske, historiske og didaktiske dimensjonar
- ha innsikt i språk- og omgrepsutviklinga hos døve og tunghøyrde barn
- ha kjennskap til teoriar om det å vere fleirspråkleg og om det fleirkulturelle samfunnet
- ha innsikt i kulturen og historia til døve, slik at forståinga og respekten for eigen og andre sin kultur og eigne og andre sine verdiar blir styrkt

Pedagogisk arbeid i barnehagen

Studentane skal

- kunne leggje til rette for at barn får utforske og leike med språket og utvikle eit godt metaspråk, ut frå behov og føresetnader hos det einskilde barnet
- kunne arbeide med grunnleggjande omgrepsopplæring i samarbeid med andre fagområde
- kunne leggje til rette for allsidige og utforskande samtalar om tema som barn er opptekne av, og som er viktige for dei i kvardagen
- ha evne til å skape gode, samanhengande framstillingar i variert munnleg og medierelatert kommunikasjon
- kunne støtte og vidareutvikle tospråkleg eller fleirspråklege utvikling hos det einskilde barnet

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne samarbeide med foreldre/føresette og personalet i barnehagen om korleis barnehagen kan gi opplæring i norsk teiknspråk og i tråd med intensjonane i rammeplanen for barnehagen
- vise korleis dei kan vurdere læremiddel i faget i samsvar med gjeldande planar i barnehagen og grunnskolen og forklare dette for personalet
- utvikle norsk teiknspråk gjennom sjølve å prøve ut metodar, læremiddel og ulike former for IKT i undervisninga

3.14 Duodji

Formål og eigenart

Duodji er eit fag der studentane kan ha ulikt nivå når dei begynner, mellom anna avhengig av om dei har hatt faget i vidaregåande opplæring. Studiet må organiserast slik at studentane blir fagleg kvalifiserte til å arbeide i barnehagen.

Verksemda i barnehagen er knytt til årstider og til tema, og det må kome fram i duodjiutdanninga på høgskolen. Ein viktig del av utdanninga er å lære korleis barn kan bli kjende med materiale gjennom leik. Samanhengen mellom fagleg kunnskap og dugleik og didaktisk refleksjon står sentralt. Studentane si utvikling i og tilpassing til duodji skal kome til uttrykk i eiga duodjiutøving og i didaktiske refleksjonar. Ein stor del av førskolelærarstudiet skal leggje vekt på uttrykksform, utvikling, styrking av identitet og kulturforståing hos barn. Duodji og duodjiutøving er viktige reiskapar for erkjenning, erfaringar, refleksjonar, utvikling og kommunikasjon hos studentane. Praktisk duodjiutøving skal danne grunnlaget for studentane si forståing og erfaring og må derfor utgjere den største delen av studiet.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kunnskap

Studentane skal

- ha kunnskap om formål, innhald, historie og grunngeving for faget
- kunne samle inn materiale i naturen og tilarbeide dei
- kunne bruke grunnleggjande arbeidsteknikkar og høvelege reiskapar
- kunne vurdere bruksverdien av naturmateriale frå nærmiljøet og kunne bruke slike materiale
- kunne bruke duodji-terminologi, for å kunne karakterisere materiale og forklare arbeidsprosessar
- kunne bruke IKT som verktøy og verkemiddel i arbeidet med duodji

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne tilpasse eigne dugleikar i duodji til tema i barnehagen, årstidene og det utviklingsnivået barna står på
- kunne stimulere og gjennom leik rettleie barn i deira kreative utvikling i duodji
- kunne fremje interesse for duodji, for å styrkje den personlege og samiske identiteten hos barna
- kunne planleggje og gjennomføre kreative aktivitetar i duodji

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne knyte duodji til mellom anna samisk språk, joik, forteljingar, song og drama og til naturen

- kunne bruke duodji som eit personleg og kollektivt kommunikasjonsmiddel
- kunne formidle faget i ein kollegial fellesskap, slik at det kan gå inn i tverrfaglege og fleirfaglege temaarbeid og prosjekt
- kunne dokumentere eigen skapande prosess
- kunne vurdere og formidle samanhengen mellom teoriopplæringa og den praktiske opplæringa og mellom eiga læring og barna si utvikling innanfor duodji

3.15 Samisk

Formål og eigenart

Noreg har tre samiske språkgrupper: sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk. Situasjonen for det samiske språket er annleis enn for norsk, både som skolefag og med omsyn til den samfunnsmessige stillinga språket har. Det er store forskjellar mellom språkgruppene innbyrdes, og variasjonane innanfor dei ulike språkområda er òg store. Dette må ein ta omsyn til på alle nivå. Ei særleg utfordring er språksituasjonen i område der samisk nyleg er blitt eit skolefag, og der språket blir lite brukt i offentleg samanheng utanfor skolen og barnehagen.

Samisk i førskolelærerutdanninga er organisert både som morsmålsfag og framandspråk. Den overordna målsetjinga for utdanninga er å førebu studentane slik at dei kan fungere som lærarar i og på samisk i barnehagen og i begynnaropplæringa det første året i grunnskolen, i tråd med gjeldande læreplanar og rammeplanar. Gjennom lærarutdanninga skal studentane styrkje eigne kunnskapar i språket både praktisk og teoretisk. Utgangspunktet er at samisk både er eit identitetsfag, opplevingsfag, dannelsesfag, kulturfag, dugleiksfag, reiskapsfag og kommunikasjonsfag. Studentane skal lære og få øving i å arbeide med samisk i barnehagen og i begynnaropplæringa i skolen. Utdanninga skal oppmuntre til kreativitet, og studentane skal møte både faglege og andre utfordringar som kan oppstå i samband med bruk av språket i barnehagen og undervisning i og på samisk det første året i grunnskolen.

Målområde

Arbeidet med målområda skal sikre eit vekselspel mellom teoretisk kunnskap, praksiserfaring, studenten sitt eige arbeid, faglege oppgåver og didaktisk refleksjon.

Fagleg kompetanse

Studentane skal

- kunne bruke samisk som munnleg og skriftleg kommunikasjonsspråk i alle gjeremål innanfor barnehagen og som undervisningsspråk i alle fag i barnehagen og det første året i grunnskolen, og vere gode førebilete i sin eigen munnlege språkbruk og aktive bruk av samisk skriftspråk
- kunne gjere greie for hovudtrekka i talespråket og skriftspråket
- ha systematisk kunnskap om samisk språk og formelle sider ved språket på lyd-, ord- og setningsnivå og kunne vurdere tekstar
- ha kunnskap om ulike typar og sjangrar av samisk litteratur, slik at dei kan vurdere, velje ut og bruke litteratur og høvelege tekstar i barnehagen og i undervisninga på første klassesteg i skolen og gjere greie for hovudtrekka i litteraturen
- ha kunnskap om språkopplæringsmetodar i høve til hovudlinjene i språkutviklinga hos barn
- ha kunnskap om grunnleggjande lese- og skriveopplæring
- kjenne til grunnprinsippa for forsøks- og utviklingsarbeid, med særleg vekt på utvikling av læremiddel
- ha oversikt over hovudtrekka i samisk språkhistorie, slik at dei kjenner bakgrunnen for språklege variasjonar, utviklar språkleg toleranse og lærer seg å verdsetje språket som kulturarv

Pedagogisk arbeid med barn

Studentane skal

- kunne planleggje, tilpasse, gjennomføre og vurdere språkopplæring og temabasert arbeid og undervisning på grunnlag av fagdidaktisk analyse
- kunne formidle kunnskap om og vere med på å styrkje den statusen og den rolla det samiske språket har i samfunnet innanfor ulike samfunnssektorar, og kjenne til ulike sider ved det å vere fleirspråkleg

Samhandling og refleksjon

Studentane skal

- kunne vurdere eiga utvikling i faget
- kunne vurdere og formidle samanhengen mellom målsetjinga for faget, lokale føresetnader og tenlege arbeidsmetodar
- kunne bruke ulike faglege presentasjonsmetodar og ta i bruk og kritisk vurdere informasjons- og kommunikasjonsteknologi

FORSKRIFT TIL RAMMEPLAN FOR FØRSKOLELÆRERUTDANNING

Fastsatt av Utdannings- og forskningsdepartementet 3. april 2003 med hjemmel i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler § 46 nr. 4.

§ 1. *Organisering og innhold*

Førskolelærerutdanning er en treårig utdanning (180 studiepoeng). Utdanningen omfatter en obligatorisk del på 150 studiepoeng og en valgbar del på 30 studiepoeng.

Utdanningens obligatoriske del består av

pedagogikk	45 studiepoeng
faglig-pedagogiske studier	105 studiepoeng
som består av	
drama	10–15 studiepoeng
forming	10–15 studiepoeng
fysisk fostring	10–15 studiepoeng
KRL	10–15 studiepoeng
matematikk	10–15 studiepoeng
musikk	10–15 studiepoeng
naturfag med miljølære	10–15 studiepoeng
norsk	15 studiepoeng
samfunnsfag	10–15 studiepoeng
praksisopplæring som en integrert del av studieenheter	

Studiets valgbare del består av

fordypningsenhet	30 studiepoeng
------------------	----------------

Studiet gir grunnlag for tildeling av graden bachelor – førskolelærerutdanning.

I tillegg kan institusjonen tilby en linjedelt førskoleutdanning, hvor omfanget av fordypning kan økes ved omfordeling mellom eller bortvalg av fag i de faglig-pedagogiske studiene. Utdanningen skal omfatte pedagogikk, norsk, matematikk, kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og minst ett praktisk eller estetisk fag med et omfang som minst tilsvarer hovedmodellen.

§ 2. *Fastsetting av fagplan*

Bestemmelser om faglig innhold, praksisopplæring, organisering, arbeidsformer og vurderingsordninger utover det som følger av rammeplanen, fastsettes av høyskolens styre og tas inn i en fagplan.

§ 3. *Praksisopplæring*

- a) Utdanningen skal omfatte praksisopplæring i 20 uker som en integrert del av de ulike studieenheter. Høyskolen bestemmer praksisperiodenes lengde.

- b) Studenten skal få en formell vurdering etter hver praksisperiode uttrykt med karakteren bestått/ikke bestått. Dersom studenten ikke består en praksisperiode, kan samme periode bare gjennomføres én gang til. Etter avsluttet praksis gis det en avsluttende vurdering uttrykt med karakteren bestått/ikke bestått.

§ 4. Skikkethetsvurdering

Høgskolen skal vurdere om en student er skikket for læreryrket, jf. universitets- og høgskoleloven § 42b og forskrift gitt av departementet.

§ 5. Eksamensbestemmelser

Eksamen organiseres og gjennomføres etter den eksamensforskrift som er fastsatt av høgskolen. I faget norsk skal studentene prøves i begge målformer.

§ 6. Vitnemål

Det utstedes vitnemålet for bachelor – førskolelærerutdanning. Vitnemålet skal vise alle fag som inngår i studiet. Det skal omfatte karakterer i pedagogikk, fordypningsenheten og minst fire karakterer i fag eller fagkombinasjoner i de faglig-pedagogiske studiene, i tillegg til bestått for praksis.

§ 7. Fritak fra eksamen eller prøve

Eksamen eller prøve som ikke er basert på rammeplan for førskolelærerutdanning, kan gi grunnlag for fritak, jf. § 49 i universitets- og høgskoleloven. Utdanning som skal gi grunnlag for fritak i den obligatoriske delen, må i hovedtrekk samsvare med rammeplanen for tilsvarende studieenhet i førskolelærerutdanningen, inkludert praksis og fagdidaktikk for små barn. Dersom tidligere utdanning ikke omfatter didaktikk, kan institusjonen gi fritak under forutsetning av at studenten kan dokumentere didaktisk kunnskap i faget. Utdanning som skal gi grunnlag for fritak i den valgfrie delen, må ha relevans for arbeid i barnehagen.

Det kan gis fritak fra prøve i en av målformene i norsk for studenter som har samisk, kvensk, norsk tegnspråk eller et annet minoritetsspråk som morsmål og som ikke har vurdering i begge norske målformer fra videregående opplæring. Det samme gjelder for utenlandske studenter som ikke har videregående opplæring fra Norge. Fritaket føres på vitnemålet.

§ 8. Ikrafttredelse og overgangsregler

Denne forskriften trer i kraft 1. august 2003. For studenter som startet studiet før høsten 2003, gjelder tidligere rammeplan med tilhørende forskrift.